

## THULITTEN

Av Torgeir T. Garmo – Nitimekåseri

–Er'e han derre Thue i Nitimen som har fønni på detta, da? – mannen peikte surt på ein diger plakat som forkynte: »Thulitt-Norges nasjonalstein». »Det må 'ra vera måte på sjøldigging i detta ferie-hjemmet på Marienlyst å!»

Men for ein gongs skuld er Thue totalt uskyldig, påfunnet tek til for meir enn to tusen år sia da dei gamle grekarane kalla landet vårt »Ultima Thule», det ystte Norden. Og lat oss like godt ta med resten av historia som førde til at denne raude smykkesteinen fekk namnet Thulitt:

I det Herrens år 1811 hadde ein liten ekspedisjon dregi ut frå det solrike Italia og lagt ut på ei lang og strabasios reise opp gjennom Europa. Heilt opp mot Ishavets kyster hadde dei tenkt seg, til det kalde og usiviliserte Noreg for å leita etter verdifulle malmar. I lange veker av tidleg


sommar streifa dei rundt i landet vårt, og ein dag hadde dei kome innover til Rauland i Telemark for å sjå på eit lite kopparskjerp. I ein kolle som stakk opp like ved fekk ein geolog auga på ein merkeleg kombinasjon av blå og raude mineral. Han kakka laus nokre prøver og tok med seg. Det blå mineralet var ein kopparrik vesuvian og fekk namnet cyprin. Korkkje denne eller det rosa mineralet var funne tidlegare på jorda, det siste fekk namnet thulitt etter funnlandet.

Og så viseleg var alt innretta at denne thulitten seinare vart oppdaga i større og reinare mengder i Leksvik i Trøndelag. Fra Helvitisjuvet inne på Fosenhalvøya vart mindre mengder bore ned på sveitte ryggar og skipa utover verda til bruk i smykke og ornament. Og forekomster av thulitt frå Australia, Afrika og California

**BYTTE - SALG - KJØP.**  
**INTERESSERT I NORSKE**  
**MINERALER.**

Meget rimelige priser.  
Skriv gjerne.  
Kan sende prislister  
og vareliste.

**RÅSTEIN**  
**KJEDER – ARMBÅND – NÅLER**  
**GAVEARTIKLER – GODT UTVALG**  
**MINERALER STORT UTVALG**  
**NORSKE – UTENLANDSKE**



Åpent alle dager  
Fra 14.00 til 18.00.  
Lørdag 10.00 - 15.00

VELKOMMEN TIL

## BERGKRYPSTALLEN

ØIVIND LARSEN

Robergrønningen. N. Eik. 3109 Lofts-Eik

Også bostedsadresse.

Tlf. 033/68773.

såg ikkje ut til å kunne konkurrere med den norske i farge og kvalitet.

Men thulitten skulle snart dukke opp på nye stader i Thule, landet vårt. For ein femten år sia dreiv ein ung geolog og kartla det vanskelege feltet mellom Ottadalen og Finndalen i Vågå og Lom. Fleire stader inne i fjellet fann han lausblokker av ein merkeleg raudskimrande bergart, »thulitt».

Men kor kunne desse steinane koma frå? Ikkje lenge etterpå synte Willy fram steinane sine, og eg vart interessert. Frå Blakstjern i 1500 meters høgde og sørvestover mot Ottadalen rakte eg i lange, solmætte dagar over den bylgjande høgfjelssletta og leitte lausblokker. Kvart nytt funn vart plotta på kartet, og frå kryssa drog vi liner i motsett retning av isens rørsle. Eit innvikla og imponerande mønster bygde seg opp, men den lokkande raude thulitten fanst berre ikkje der han etter kloke beregningar burde vera.

Så, ein dag eg var borti sentrum, på Bergom, trefte eg den over 70 år gamle Ole Nyøygard. »Nå, har du funne raudstein din enda, da?» undrast han. »Nei, eg har ikkje riktig det,» måtte eg tilstå. »Da skal eg fortelja deg noko» sa'n Ole. »Som gutunge sprang eg ofte setervegen ned frå Liasetrom, og minnest eg ikkje feil, skal det liggje två store raudsteinar i stigen!» »Hm» - tenkte eg. »Da må dei lausblokkene vi fann ved Blakstjern vera lyfte 600 m av isen. Men eg får kikke etter lell.»

Snart kunne eg med sjølvsyn forsikre meg om at n'Ole hugsa rett etter 50 år, raudsteinane låg i vegkanten enda. Overgrodde og forvitra, men likevel godt synlege. Og, dei var ikkje godt avrunda som dei vi før hadde funne, men hadde kvasse kantar. Det tyder at steinen måtte vera rivin laus frå ei forekomst like i nærleiken. Det er når is eller vatn dreg blokkene med seg at kantane litt etter litt blir runda av og jamna til.

Helga etterpå var ingeniørgeologen Arild beskikka til Lom, her måtte ingenting overlatast til tilfeldighetene. Tidleg laurdag morgon stilte vi i vegkanten og gjekk manggard oppover lia to mann sterke.

Ein god halvtime etterpå gjekk eg rett på kanten av forekomsta, ei bleikraud gåre austover i den grå kvardagsgneisen. Raude blokker var frosne laus og låg strødde i ura nedafor, eit heilt lite fjell i uvirkelege rosa tonar. Eg kauka vilt og slo laus på bergveggen. Så roa eg meg ned og strauk fingrane over den knudrete laven. I meir enn tusen millionar år hadde denne smale stripa med manganmineral liggji der. Her var tid nok.

Kva kjenner menneske når det står ved målet? Den heftige gleda som snart vik for ettertanken: aldri meir skal du rekkje over Liafjellets verharde vigger på leit etter bleikraude thulittblokker. Enda ein gong har Thule slept ei forekomst av sin eigen smykkestein frå seg . . .

### GULLSMED F. I. EEG

(inneh. Arne H. Eeg)

»Stengruben», Dronningensgt. 27, Oslo 1 - Tlf.: 41 74 74



FORUTEN VANLIG GULLSMEDFORRETNING, ER VÅR  
SPESIALITET DIAMANTER OG ANDRE SLEPNE STENER.  
VI FØRER OGSÅ SKJELDNE SLEPNE STENER.  
ASSORTERT UTVALG I STENKJEDER. DYRERE MINERALER.  
VI LAGER RINGER M.M. PLASTESKER FOR MINERALER.  
EGEN STENAVDELING.

